



FITJAR

Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
0411944 - 155	
DATO - 2. MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

Dykkar ref:

Vår ref:
04/00651-2

Sakshandsamar:
Atle Tornes,

Arkivkode:
0 &13

Dato:
24.02.2005

Høring - NOU 2004: 26 Heimfall. Uttale frå Fitjar kommune

Fitjar formannskap drøfta saka på sitt møte 23. februar 2005, og vil gje slik uttale:

Styret er gjort kjent med NOU 2004:26 Heimfall og LO, LVK og KS sine særmerknader, kap.10.4.3.

LO, LVK og KS rår til at nye reglar for heimfall først blir utløyste ved bestemte transaksjonar frå eigar si side, for eksempel ved sal.

Dersom fleirtalet sitt opplegg blir vedteke, går LO, LVK og KS inn for at berre offentlege eigarar får kompensasjon. Dette fordi det er dei som misser ein evigvarande konsesjon. Kompensasjonen blir sett til 45 % av verdien på anlegget.


Utvalet er delt når det gjeld ny konsesjonstid. KS støttar ei vidareføring av ordninga med 60 år.

Det er knytt stor uvisse til kva avgrensingar EØS-avtalen legg på nye reglar for heimfall. LO, LVK og KS ber difor om at staten går i dialog med ESA for å få avklart utforminga av dei nye reglane.

I samband med høringa vil KS rår til at kraftverk som er direkte eigd av fylkeskommunar og kommunar ikkje blir omfatta av reglane om heimfall. Dette fordi dei i høve til EØS-avtalen er forvaltningsorgan på lik line med staten.

Fitjar formannskap støttar opp om KS og LVK sitt syn på reglar for heimfall, og ber om at dette vert lagt til grunn for eventuelt nytt lovverk.

Med helsing


Agnar Aarskog
Ordførar


Atle Tornes
Rådmann